

Innhold

1. Innleiing.....	2
2. Roller og rammer for arbeidet.....	2
3. Regelverk, forskrifter m.m.....	2
Plankrav.....	3
Miljøkrav.....	3
Andre forskrifter.....	3
4. Tilskot og finansiering.....	3
5. Organisering.....	4
6. Status og utfordringar	4
Status	4
Utfordringar	7
6. Målsetting	7
Delmål.....	8
7 Grunnlag for prioriteringar	8
Behov for MiS-kartlegging.....	8
Plan for omløpsfotografering.....	9
Nasjonal høgdemodell/laserscanning	10
Lokalt initiativ frå skogeigarar, kommunar og næringsaktørar	11
8. Handlingsplan 2019-2021	12
9. Framdriftsplan 2022-2028	13

1. Innleiing

Skogbruksplanlegging med miljøregistreringar i skog (MiS) er eit grunnleggjande verkemiddel for å fremme og drive eit berekraftig og aktivt skogbruk. Planen er det viktigaste verktøyet skogeigaren har for å drive næringsverksemd basert på kunnskap om skogressursane og miljøverdiar.

Skogbruksplan med MiS er også svært nyttig for dei som driv rettleiing mot skogeigaren, eller sel tenester til skogeigaren. I tillegg er skogbruksplan med MiS eit viktig verktøy for offentlege mynde for å nå måla i skogpolitikken.

Ein skogbruksplan m/MiS inneheld areal-, miljø- og ressursoversikter for den enkelte skogeigedom m/kart, skogfaglege råd og føringar om korleis eigedomen bør drives - både økonomisk og miljømessig. Skogbruksplanen m/MiS gir grunnlag for å planlegge og gjennomføre viktige tiltak i skogen som hogst, ungskogpleie og vegbygging m.m.

2. Roller og rammer for arbeidet

Fylkesmannen har ei sentral rolle i skogbruksplanlegginga i fylket. Oppgåva med å planlegge, koordinere og leggje til rette for aktuelle takstprosjekt er lagt til Fylkesmannen som utarbeider og rullerer Hovudplan for skogbruksplanlegging.

Hovudplanen skal trekke opp hovudlinene for skogbruksplanlegginga i fylket dei neste 10 åra, Hovudplanen inneheld ei statusoversikt, konkret handlingsplan for framdrift i aktuelle område dei nærmaste 3-4 åra, og ei skisse til framdrift i den resterande delen av 10-årsperioden. Hovudplanen er grunnlaget for prioritering av tilskotsmidlar til nye takstprosjekt.

Hovudplanen er utarbeida i samarbeid med skogeigarane sine organisasjonar og kommunane.

3. Regelverk, forskrifter m.m.

Arbeidet med skogbruksplanlegging m/MiS er heimla i *Skogbrukslova og Forskrift om tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer*, fastsett av Landbruks og matdepartementet 4. februar 2004.

I tillegg er det utarbeida eit eige *Rundskriv om tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer – Rundskriv 11-10*, fastsett av Landbruksdirektoratet 08.04.2010.

PLANKRAV

I skogbruksplanforskrifta har Fylkesmannen ansvar for å utarbeide og rullere hovudplan for skogbruksplanlegging med miljøregistreringar (MiS), samt å leggje til rette for aktuelle takstprosjekt i fylket. Vidare skal hovudplanen leggjast til grunn for fordeling og prioritering av tilskotsmidlar.

MILJØKRAV

Det er også nedfelt klare miljøkrav i *Forskrift om berekraftig skogbruk*, der skogeigarane er pliktige til å ta nødvendige miljøomsyn ved alle skogbrukstiltak. I tillegg stiller marknaden som kjøper treprodukt klare miljøkrav til korleis skogen blir driven. Lovverket og skognæringa sitt eige sertifiseringssystem Norsk PEFC Skogstandard sikrar at dette blir følgt opp i praksis.

Dette inneber blant anna at miljøverdiar på den enkelte skogeigedom må dokumenterast, før ein går i gong med hogst. Dette er eit ufråvikeleg krav for å kunne kjøpe/omsette tømmer i dag. Ein skogbruksplan med miljøregistrering tilfredstillar desse absolutte miljøkrava/krav til miljødokumentasjon. Det er også krav til revisjon av miljøregistreringar seinast etter 15 år, jf. Norsk PEFC Skogstandard.

ANDRE FORSKRIFTER

Forskrift om skogfond o.a. av 03.07.2006 kan også nemnast i forhold til skogeigaren si finansiering av skogbruksplanen med skogfondsmidlar.

4. Tilskot og finansiering

Arbeidet med skogbruksplanlegging med miljøregistreringar blir delfinansiert gjennom ei statleg tilskotsordning – LUF-midlar over jordbruksavtalen. Fylkesmannen har ansvaret for forvaltninga av denne tilskotsordninga, som er forankra i *Forskrift om tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar*. Det kan gis inntil 70 % i tilskot. Eigendelen til skogeigar kan dekkjast av skogfond med skattefordel.

Finansiering av areal utan planbestilling må dekkjast med minimum 20 % av andre midlar.

5. Organisering

Hovudplanen skal spegla skogeigaren og skogbruket sine behov for nye skogbruksplanar. Planen er difor utarbeidd i samarbeid med skogsamvirket Vestskog SA, kommunane, Nortømmer AS og Rogaland Skognæringsforum. GEOVEKST vil også vere viktig samarbeidspart for å koordinere og sikre tilgang til oppdaterte flybilde og laserdata.

Arbeidet med ny hovudplan for skogbruksplanlegging med miljøregistreringer inngår også som ein del av revideringa av Regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU) som skal vere ferdig innan utgangen av 2018.

Som eit av programma under RBU finn vi Regionalt skog- og klimaprogram (RSK), som omfattar 2 tilskotsordningar på skogområdet:

- Tilskot til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar
- Tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane

RSK skal innehalde en kortfatta omtale av status og regionale utfordringar på desse 2 områda og korleis verkemidla/tilskota skal prioriterast brukt. Programmet skal støtte oppunder eit aktivt og berekraftig skogbruk, for auka verdiskaping og klimabidrag, jf. Meld. St. 6 (2016-2017) *Verdier i vekst - konkurransedyktig skog- og trenæring*.

I praksis vil arbeidet og prosessen med ny hovudplan for skogbruksplanlegging med miljøregistreringar stå på eigne bein, men likevel inngå og gå parallelt med revideringa av Regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU). Fylkesmannen vil ta ansvar for å innarbeide arbeidet med ny hovudplan for skogbruksplanlegging med MiS i prosessen med revidering av RBU.

6. Status og utfordringar

STATUS

Oversikten i Tabell 1 viser kor stor del av det totale produktive skogarealet i Rogaland som er ferdig taksert (digital takst) med miljøregistreringar (MiS) per 2018. Vi har i dag taksert 670 000 av totalt 1 500 000 dekar av det produktive skogarealet i Rogaland. Dette gir en skogbruksplan- og miljøregistreringsdekning (MiS) på 45 % av det produktive skogarealet i Rogaland.

Det er planbestilling på 50 % av taksert areal som utgjer 335 000 dekar. Vi er så godt som ferdig med første omdrev med digitale skogbruksplanar/områdetakstar, med unntak av dei minste skogkommunane.

Tabell 1: Oversikt over taksert produktivt skogareal (dekar) m/MiS t.o.m. 2018

Kommune	Produktivt skogareal totalt**	Taksert produktivt skogareal	Ferdig år	Merknad
Vindafjord	224 000	151 000	1997	Etterreg. MiS 2007 og 2011 gamle Ølen kom.
Strand	70 000	40 000	1999	Siste sjanse-registreringar
Forsand	62 000	21 000	1999	Siste sjanse-registreringar
Finnøy	41 000	12 000	1999	Berre Ombo-delen av Finnøy
Tysvær	143 000	113 000	2002	
Sauda	72 000	35 000	2002	
Suldal	295 000	122 000	2005	
Hjelmeland	163 000	64 000	2006	Inkl. Ombo-delen av Hjelmeland taksert 1999
Lund	72 000	35 000	2014	
Sokndal	38 000	19 000	2014	
Eigersund	52 000	28 000	2014	
Bjerkreim	67 000	30 000	2014	
SUM	1 258 000	670 000		

**tal er henta frå AR5

Vi har skogbruksplan med MiS i dei viktigaste skogkommunane med unntak av Strand og Forsand, som har brukt «Siste Sjanse»-metodik for registrering av nøkkelbiotopar. Oversikten viser at vi har store areal og fleire kommunar med gamle takstar med behov

for revisjon. Store delar av det produktive arealet er på høg og super bonitet, som betyr at det skjer store endringar i skogen på kort tid. I tillegg har det vore stor hogstaktivitet dei siste 10 åra. Dette forsterkar behovet for revisjon/oppdaterte planar for korleis skogen bør drivast framover.

Tabell 2: Oversikt over pågåande skogbruksplanprosjekt og kommunar utan skogbruksplandekning og miljøregistreringar (MiS) per 2018

Kommune	Produktivt skogareal totalt*	Taksert produktivt skogareal	Oppstart	Merknad
Vindafjord	224 000	172 000	2014	Ikkje avslutta
Karmøy	37 000	25 000	2014	ikkje avslutta
Sandnes	72 000	25 000	2016	Ikkje avslutta
Gjesdal	50 000	-	-	Utan skogbruksplan og MiS
Sola, Stavanger, Randaberg, Rennesøy	16 000	-	-	Utan skogbruksplan og MiS
Haugesund, Bokn	13 000	7 000	-	Utan skogbruksplan og MiS Berre enkelttakst
Hå, Time, Klepp	30 000	10 000	-	Utan skogbruksplan og MiS Berre enkelttakst
SUM	442 000	239 000		

Vindafjord og Karmøy er først ute med 2. gangs omdrev og ny takstmetodikk - laserscanning med prøveflatetakst.

UTFORDRINGAR

Den største utfordringa er å sikre kravet i forskrifta om minimum 50 % planbestilling på arealet for å kunne gjennomføre større områdetakstar. Mobiliseringsarbeid som er forankra lokalt er heilt avgjerande for å lukkast med å få opp planbestillinga på minimum 50 %. Skogansvarlege kommunane saman med næringsorganisasjonane innan både jord- og skogbruk spelar ei nøkkelerolle i mobiliseringsarbeidet.

Eit fragmentert skogbilde fordelt på mange små skogeigedomar (5500 stk) betyr høgare takstkostnader i våre område enn i homogene og samanhengande skogområde andre stader i landet. I tillegg er det jamt over meir krevjande topografi med dels bratt og vanskeleg terreng som medfører ekstra kostnader.

Eit oppstykk og lite homogent skogareal gir også utfordringar for å sikre god nok presisjon på volum og tilvekst ved prøveflatetakst og nok flater for dei ulike hogstklasser og treslag. Laserdata med god høgdeinformasjon kombinert med flyfoto, gamal bestandsstrek frå tidlegare takstar og prøveflatetakst, er eit framsteg som gir oss vesentleg betre presisjon på basisdata i skogbruksplanen enn tidlegare.

Framdrift i takstprosjekta er krevjande fordi ein ikkje får fullfinansiert prosjekta i same løyving, men må samle opp tildelingar av skogbruksplanmidlar over fleire år for fullfinansiering. I kommunar med svake tradisjonar for skogbruk er det også ei utfordring å sikre 20 % finansiering på areal utan planbestilling. Skogbruksplan er i stor grad ferskvare og det er difor ynskjeleg at hovudprosjekta ikkje dreg for mykje ut i tid - maks 2 år.

Skogeigaren har over tid fjerna seg frå eigen skog og aktiv bruk og forvaltning av skogressursane. Det betyr at kompetansen generelt er låg hos svært mange skogeigarar langs kysten. Eigedomstrukturen med mange små eigedomar, liten økonomisk tyding, bruksrasjonalisering der i beste fall jorda blir forpakta bort, og der ein ikkje lengre tek aktivt del i drifta av garden (jord og skog) forsterkar og underbyggjer bilete og trenden. Skogbruksplanen bør difor få ein viktigare rolle framover for å drive eit aktivt og berekraftig skogbruk med tanke på verdiskaping og CO₂ binding.

6. Målsetting

Skogbruksplanlegging med miljøregistreringar skal bidra til eit aktivt og berekraftig skogbruk.

I praksis betyr det fokus på planting etter hogst, oppfølging/stell av ungsbogen og gode vegløyningar og hogsttiltak med tanke på størst mogleg verdiskaping og klimanytte.

DELMÅL

1. Flest mogleg av skogeigedomane i Rogaland skal kunne drivast med basis i ein skogbruksplan med miljøregistreringar (MiS).
2. Hovudplan for skogbruksplanlegging skal vere grunnlaget for prioritering av tilskotsmidlar og til koordinering av kartleggingsprosjekt og prioriteringar i GEOVEKST.
3. Leggje til rette for at skogeigarane får kjøpe hensiktsmessige skogbruksplanprodukt med gode skogfaglege råd om korleis eigedomane bør drivast framover, basert på oppdaterte skog og miljøregistreringar helst kvart 10.-15. år.
4. Hovudplanen skal vere rettesnor for planlegging og budsjettering hos planfirma som gjennomfører skogbruksplanprosjekt.
5. Resultatet og innhaldet i skogbruksplanen skal vere styrande for gjennomføring av hogst-, vegbyggings- og skjøtselstiltak i skogen.

7 Grunnlag for prioriteringar

Følgjande forhold er lagt til grunn for prioriteringane i handlingsplan for perioden 2019-2021 og framdriftsplan for perioden 2022-2028:

- Krav om MIS-kartlegging, jf. PEFC-skogstandard og retningslinjer for revidering av MiS blant anna i forhold til alderskrav
- Alder på eksisterande områdetakstar/skogbruksplanar
- Tilgang på flybilde, laserdata og data frå nasjonal digital høgdemodell - laserdata
- Plan for omløpsfotografering
- Lokalt initiativ frå skogeigarar, kommunar og næringsaktørar
- Kva som kan forventast av årlege tilskotsmidlar til Rogaland og ut frå det vurderer realistiske årlege prosjektvolum. Vurderingane tek utgangspunkt i 1 mill. kr i tilskot per år. Dette utgjer om lag 70 000 dekar i årleg takstareal

BEHOV FOR MIS-KARTLEGGING

Krav til MIS-kartlegging går fram av *Forskrift om berekraftig skogbruk* og PEFC Norsk Skogstandard. Sertifikathaldar (tømmerkjøpar) kan stille krav til skogeigarane ved vurdering av behov og gjennomføring av revisjon av miljøregistreringar i skog (MiS). PEFC Norge sine retningslinjer for revisjon av MiS seier følgjande;

«Vurdering av behov for revisjon av nøkkelbiotoper kan skje når sertifikatholder(e) mener det er nødvendig, og skal senest gjennomføres etter 15 år. Det kan gis en utsettelse på inntil


tre år dersom det er gode grunner til å utsette vurderingen. Begrunnelsen gis til og godkjennes av PEFC Norge.»

Alder på allereie utførte MiS-registreringar vil difor vere eit viktig kriterium for vurdering av behov for revisjon. Tilgang på eigna flybilde, laserdata/nasjonalt høgdemodell er viktig for realisering av takstprosjekta. Det er 2 kommunar som vil få forelda MiS registreringar før ny områdetakst. Dette gjeld Hjelmeland (godkjent MiS til 2021) og Suldal (godkjent MiS til 2017 – allereie forelda). For Suldal betyr det at det må gjennomførast «behovsutgreiing» så raskt som mogleg. For Hjelmeland før fristen går i 2021.

PLAN FOR OMLØPSFOTOGRAFERING

Tilgang til gode og oppdaterte flybilde er viktig for kvaliteten på sluttproduktet, prioritering av kommunar og for å gi eit mest mogleg korrekt bilde av nåsituasjonen. Status og plan for omløpsfotografering 2018-2025 frå Kartverket og nasjonalt program for omløpsfotografering går fram av Figur 1. Det er planlagt at heile Rogaland skal fotograferast med nye flybilde i 2019.

Oppdatert informasjon om status og planer for omløpsfotografering finst på denne lenka: <http://www.kartverket.no/geodataarbeid/flyfoto/nasjonalt-program-for-omlopsfotografering/>




Figur 1 Status og plan for omløpsfotografering 2018-2025 frå Kartverket og nasjonalt program for omløpsfotografering (Kjelde: Kartverket)


NASJONAL HØGDEMODELL/LASERSCANNING

I Figur 2 og 3 vil du finne status for laserdata for nasjonal høgdemodel for Nord- og Sør-Rogaland. Gå inn på denne lenka for oppdatert status:

<http://kartverket.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=b918b4b16b1d49359aeb789e5eea644b>



Figur 2: Status for laserdata for nasjonal høgdemodel for Nord-Rogaland per dags dato. Dei blå områda har publisert 5 punkts laserdata frå 2017-2018. Dei oransje områda er nyleg skanna med 2 punkts laser og ferdige i 2018. Dei grøne områda er så langt ikkje prioritert. (Kjelde: Kartverket)



Figur 3: Status for laserdata for nasjonal høgdemodell for Nord-Rogaland per dags dato. Dei blå områda har publisert 5 punkt laserdata frå 2017-2018. Dei oransje områda er nyleg skanna med 2 punkt laser og ferdige i 2018. Dei grøne områda er så langt ikkje prioritert. (Kjelde: Kartverket)

LOKALT INITIATIV FRÅ SKOGEIGARAR, KOMMUNAR OG NÆRINGSSEKTØRAR

Fylkesmannen vil initiere nye skogbruksplanprosjekt med grunnlag i hovudplanen og handlingsplan. Skogbruksplanlegging er omfattande prosjekt, der samarbeid mellom fleire kommunar ofte gir meir effektive og rasjonelle prosjekt. Dette vil bidra til større oppslutning og ein meir effektiv datafangst og miljøregistreringar.

Organisering av prosjekt med forprosjektarbeid er krevjande og gjennomføringa krev lokalt engasjement, der eksempelvis skogansvarleg har ei viktig rolle som sekretariat. Initiativ og lokalt engasjement vil tilleggast vekt for dei prosjekta Fylkesmannen vil arbeide for å realisere.

8. Handlingsplan 2019-2021

Handlingsplanen omfattar kommunar som vil bli prioritert for å få etablert nye områdetakstar/takstprosjekt. Rekkjefølga kan bli endra undervegs i perioden dersom det skjer endringar i tilgjengelege flyfoto og laserdata.

Tabell 3: Handlingsplan for nye områdetakstar 2019-2021

Prioritet	Kommune	Produktivt skogareal	Omløpsfoto	Laserdata	Oppstart
1	Tysvær	143 000 daa	2013 (nye i 2019)	2016 og 2017	2019
2	Strand	70 000 daa	2013 (nye i 2019)	2018	2020
2	Forsand	62 000 daa	2013 (nye i 2019)	2018 (indre omr. 2 pkt)	2020
3	Sauda	72 000 daa	2012 (usikkert når det kjem nye)	2018 (store areal utan)	2021

9. Framdriftsplan 2022-2028

Framdriftsplanen omfattar kommunar som vil bli prioritert for å få etablert prosjekt f.o.m. 2022. Rekkjefølga kan bli endra undervegs i perioden på grunn av endringar i tilgjengelege flyfoto og laserdata, og kommunesamanslåingar.

Tabell 4: Framdriftsplan for nye områdetakstar 2022-2028

Prioritet	Kommune	Produktivt skogareal	Oppstart hovudprosjekt
4	Suldal*	295 000 daa	2023
5	Hjelmeland**	163 000 daa	2026
6	Lund	72 000 daa	2028
6	Sokndal	32 000 daa	2028
6	Eigersund	52 000 daa	2028
6	Bjerkreim	67 000 daa	2028

* Suldal: Allereie forelda MiS registreringar (2017), ny takst med MiS tidlegast 2023. Etter krava i PEFC Norsk Skogstandard må det gjerast «**behovsutgreiing**» for MiS så raskt **som mogleg**.

** Hjelmeland: Forelda MiS først i 2021, ny takst med MiS tidlegast 2026, Etter krava i PEFC Norsk Skogstandard må det gjerast «**behovsutgreiing**» for MiS før 2021.